

Naturvernforbundet Hordaland si årsmelding for 2020

For nokre tiår sidan var førestillinga om 2020 at me skulle koma oss rundt ved hjelp av flygande bilar. Ingen kunne nok førestilla seg at dette i staden vart året me alltid vil hugsa for ein verdsomspennande pandemi og stenging av samfunnet. Trass i utfordringane og restriksjonane koronapandemien har ført til, har me halde eit høgt aktivitetsnivå i Naturvernforbundet Hordaland.

Før pandemien braut ut og stenginga av Noreg starta 12. mars, rakk me å arrangera eit fullsett energiseminar på hotell Admiral i Bergen den 15. februar. Me har gjennomført digitale medlemsmøter, webinar og digitalt årsmøte. Me tok med ungdomspolitikarar på segltur rundt Reksteren og Bårdsundet, fekk laga ein flott, ny kampanjefilm mot Hordfast, og fem nye filmar om vindkraft i samarbeid med dei andre organisasjonane i Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland. Gjennom FNF var me også med å arrangera vindkraftseminar i Dyrkolbotn med 29 stortings- og fylkespolitikarar. Me har vore med å arrangera lysmarkering for klimasøksmålet, forsøkt å kjøpa aksjar i Hordfast AS, og har uttala oss i media om tema som samferdsel, byplanlegging, vindkraft og elektrifisering av sokkelen.

Me har flytta inn i nytt kontor i sjarmerande Bredsgården 1E og fått ein ny medarbeidar på kontoret. Våre tilsette har drive prosjekta Energismart, Ta vare på det du har, Plastjakten og Bevaring gjennom skjøtsel. Innanfor det som har vore mogleg å gjennomføra med smittevernrestriksjonane, har me arrangert plastrydddeaksjonar og dugnadar mot skadelege, framande artar. Me har kartlagt reparatørar i Bergen, gjennomført digitalt sykurs og starta arbeidet med eit mobilt «makerspace».

Me hadde 3571 medlem per 31.12.2020. På same tid i 2019 hadde me 3 119 medlem, altså ein medlemsvekst på 14,5 %. Nasjonalt har Naturvernforbundet no rundt 35 000 medlem, etter ein formidabel vekst dei siste åra. I Hordaland har me lokallag i Bergen, Askøy, Nordhordland, Voss, Kvam, Kvinnherad og på Stord/Sunnhordland, samt studentlaget Naturvernstudentane i Bergen. Me har tre faggrupper; Klima- og transportgruppa, Naturmangfaldsgruppa, og den nyoppretta Vindkraft- og energigruppa.



Lysmarkering for klimasøksmålet, Torgallmenningen 3. november.



Synfaring med galeasen «Gurine» 13. juni.

Styret

Verv	Namn	Andre verv/rollar
Leiar	Gabriel Fliflet	
Nestleiar	Tom Skauge	
Nestleiar økonomi	Knut Espelid	Landsstyrerepresentant
Nestleiar organisasjon	Synnøve Spangelo	
Styremedlem	Tone Salomonsen	Naturmangfaldsgruppa, gjekk over i Vindkraft- og energigruppa då den vart oppretta
Styremedlem	Bård S. Larsen	Leiar i Vindkraft- og energigruppa
Styremedlem	Tonje Sæther	Leiar i Naturvernstudentane
Styremedlem	Grete Ingebrigtsen	Klima- og transportgruppa
1. varamedlem	Oddvar Soldal	Naturvernforbundet i Kvam
2. varamedlem	Anne Gilde	Klima- og transportgruppa
3. varamedlem	Hallvard Birkeland	Leiar Naturvernforbundet i Bergen Representerer NVH i Klimaopprøret


Tilsette og praksisstudentar

Fast tilsette, vikarar og praksisstudentar i 2020:

Stilling	Navn	
Fylkessekretær	Synnøve Kvamme	Representerer NVH i: - Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland (styremedlem) - Samarbeidsalliansen "Arven etter plasthvalen" - Stiftelsen Loofts gave
Prosjektansvarlig <i>Energismart</i> og <i>Ta vare på det du har</i>	Silje Østerbø	Jobbar med <i>Energismart</i> -prosjektet på regionalt, nasjonalt og EU-nivå saman med Naturvernforbundet sentralt.
Prosjektutviklar <i>Energismart</i>	Peter Heimstad	Jobba i 50% stilling fram til 15.4.2020 då han gjekk over i 100% i stillinga som dagleg leiar i bGreen. Han har fulgt opp og drive Energispesialist-ordninga i <i>Energismart</i> .
Rådgjevar og prosjektutviklar <i>Energismart</i>	Rasmus Laupsa Rasmussen	Starta i stillinga 1.5.2020 og har jobba mest med <i>Energismart</i> , men har hjulpet til i <i>Plastjakten</i> ved behov, og har også jobba med ulike politiske saker. Var i foreldrepermisjon frå midten av oktober og ut året.
Prosjektleiar <i>Plastjakten</i> og frivilligkoordinator	Mona Maria Løberg	Jobbar også med design av medlemsbladet NaturVest og anna materiell. Hadde 80% foreldrepermisjon i juni og halve august.
Prosjektleiar <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i>	Jeanette Tennebekk	Bidreg også i Naturmangfaldsgruppa.
Vikar 100% i periodane 17.6-31.8.2020 og 21.9.2020-22.1.2021.	Ina Marie Christiansen	Vikar for Mona, deretter Rasmus. Ina var praksisstudent hjå oss i 2017, har vore frivillig hjå oss, og hadde vikariat hjå oss også i 2019 då Mona var i permisjon. I vikariatet i 2020 har ho jobba mest med <i>Ta vare på det du har</i> og <i>Plastjakten</i> .
Praksisstudent biologi	Pernille Rubin Wollan	Praksisstudent frå Institutt for Biologi (UiB) våren 2020. Jobba i hovudsak med <i>Plastjakten</i> og <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i> .
Praksisstudent biologi	Malin Duong Fløysand	Praksisstudent frå Institutt for Biologi (UiB) våren 2020. Jobba i hovudsak med <i>Plastjakten</i> og <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i> .

1. Våre prioriterte saker 2020

Ta vare på naturmangfaldet og stoppa naturøydelegging



Arbeidet vårt for å ta vare på naturmangfaldet har i hovudsak blitt gjort gjennom:

- **Naturmangfaldsgruppa**
- **Styret**
- **FNF Hordaland**
- **Prosjektet *Plastjakten***
- **Prosjektet *Bevaring gjennom skjøtsel***

I arbeidsprogrammet for 2020 hadde me følgjande delmål:

(Grønt: Har jobba mykje med | Gult: Har jobba litt med | Grått: Har ikkje vore så aktuelt)

Jobba for tiltak som kan auka naturmangfaldet, som skildra i <i>Gode, grønne Bergen 2030</i>	Stoppa vindkraftutbygging i Stølsheimen og Grønafjellet	Synleggjera naturkonsekvensane av storskala vindkraftverk i verdifulle område i Vestland og peika på alternativ til naturøydeleggande vindkraft
Jobba mot oppheving av vernestatusen for verna vassdrag	Ta vare på viktige vassdrag som er truga av utbygging	Jobba for ein meir berekraftig oppdrettsindustri
Stoppa ulovlegheiter ved bygging av skogsbilvegar	Jobba mot planting av skadelege framande treslag og tilbakevisa dette som klimatiltak	Fortsetta å bygga alliansar for å stoppa Hordfast
Arbeida for å oppretta Søre Bjørnafjorden nasjonalpark på Reksteren og Vestre Tysnesøy	Delta med andre aktørar i plastopprydding og haldningskampanjar for redusert plastavfall og førebygging av forsøpling, fortrinnsvis gjennom prosjektet <i>Plastjakten Hordaland</i>	

Naturmangfaldsgruppa

Gruppeleiar: Oddvar Skre fram til oktober, deretter Harald Simonsen

I 2019 ferdigstilte NVH visjonen «Gode, grønne Bergen: En by for bier og Bergensere» som

handlar om å gjera Bergen til «Noregs grønaste storby» innan 2030; «en by der ikke lenger natur blir ødelagt, bit for bit». I denne visjonen er det skissert ei rekke strategiar og tiltak som må gjennomførast for å nå måla om å gjera Bergen så grøn som råd, og ta vare på naturmangfaldet. Ved å visa til kommuneplanen for Bergen (KPA2018) og FN sitt tiår for naturrestaurering (2021-30) vil me få realisert visjonen vår for naturmangfald og blågrøne strukturar i Bergen kommune gjennom spesifikke tiltak.



Naturmangfaldsgruppa har hatt 7 møter i 2020 og arrangert eitt webinar den 20. oktober om klima og skogbruk, som var svært vellukka med gode innleiarar og med stor oppslutning.


Medlemar av Naturmangfaldsgruppa var òg med å arrangera energiseminaret 15. februar som òg var ein suksess.

På møtene i gruppa, som delvis har vore på FNF-koordinatoren sitt kontor i Friluftslivets Hus i Marken og delvis digitalt på Teams/Zoom, har det vore 5-7 deltakarar. Harald Simonsen overtok som leiar i gruppa i oktober etter Oddvar Skre, og Jeanette Tennebekk har vore webmaster. I løpet av året er det starta ei ny vindkraftgruppe som nokre medlem av Naturmangfaldsgruppa har gått over i, og det er også ei eiga gruppe i Naturmangfaldsgruppa som jobbar med Naturlig onsdag. Naturmangfaldsgruppa samarbeider med Klima- og transportgruppa i ein del saker som t.d. Hordfast-saka, og med Vassdragsvernrådet i forbundet sentralt om vassdragssaker og energipolitikk.

23. juni kom gladmeldinga om at Kvanndalselva gjekk fri frå utbygging, ei sak Naturmangfaldsgruppa og særskilt FNF Hordaland har fulgt i fleire år. Tilleggskartlegginga Biofokus gjennomførte på oppdrag av FNF, som avdekka 15 raudlista artar der utbyggar sine konsulentar ikkje fann ein einaste, medverka sterkt til at elva får halda fram med å renna fritt.

Av saker gruppa har jobba med, må særleg nemnast:

- Brev til Bergen kommune om Grøn Visjon for Bergen, med tiltaksliste
- Brev om oppdrettsnæringa
- Seminar om skog og klima



- Vindkraftsaker
- Munkedammane ved Eikelundtjern og møte med miljøbyråden
- Haukanesmarka i Austevoll (skogvern)
- Skogsbilveggar og skogplan for Bergen
- BLÅE-planen for utbygging av områda rundt flyplassen (jordvern)
- Bønesholmen og plan for Nordåsvatnet
- Steinsvikkroken og Steinsvikvassdraget
- Postterminal på Kokstad

Hordfast

Dette er ei sak me har jobba med jamt og trutt gjennom året. Mellom høgdepunkta har me:

- Teke med ein gjeng ungdomspolitikarar på segltur til Reksteren ein nydeleg sommardag 13. juni, og i etterkant fått laga ein ny film som me har brukt til verving med NU-aren Leon Krog Vignal i hovudrolla, som har slått alle ververkordar:
https://youtu.be/5_TiLwkr9sk



- Fått laga ein illustrasjon av brutårnet nord på Reksteren som no vert brukt som illustrasjonsbilete i BT, laga av Adele Jaunn.



- Bydd på aksjar i Hordfast AS etter at Bjørnafjorden kommunen ville selja sine.
- Hatt fleire oppslag i media, mellom anna:
 - o BT 25. mars: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/50qJaO/samfunnsnytte-kan-ogsaa-bety-aa-bevare-natur>
 - o NRK 26. mars: <https://www.nrk.no/vestland/foreslar-enda-ei-motorvegbru-mellom-bergen-og-stavanger-1.14960063>
 - o BT 15. april: <https://www.nrk.no/vestland/bompengane-pa-gigantbrua-aukar-med-6-milliardar-kroner-1.14969879>
 - o Klassekampen 23. juni: <https://klassekampen.no/utgave/2020-06-23/debatt-tausheita-er-pafallande>
 - o NRK 4. oktober: <https://www.nrk.no/vestland/vil-kjopa-aksjar-i-gigantbrua-dei-er-i-mot-1.15175941>
 - o BT 9. oktober: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/dlOnPA/hvorfor-vil-vegvesenet-ha-enda-mer-trafikk>
 - o NRK 10. oktober: <https://www.nrk.no/vestland/naturvernforbundet-kjoper-aksjar-i-selskap-som-vil-ha-motorveg-1.15195742>
 - o BT 10. oktober: <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/rgLoz/naturvernarar-faar-kjoepe-hordfast-aksjar-no-vil-dei-stoppe-vegprosjekt>
 - o NRK 14. oktober: <https://www.nrk.no/vestland/hordfast-kommunar-vil-hindra-at-naturvernforbundet-blir-medeigar-1.15199898>
 - o BT 3. november (lesarinnlegg): <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/PRRjVz/hordfast-er-en-dinosaur-ikke-en-svane>
 - o BT 3. desember: <https://www.bt.no/nyheter/innenriks/i/dlJdjX/gigantbroen-vil-gi-en-stor-klimagevinst-mener-tilhengerne-naa-er-et-n>

Oppdrett

Etter initiativ frå Naturmangfaldsgruppa har me jobba med ein uttale om oppdrettsproblematikken, «Redd fjordene og villfisker». Den endelege versjonen er sendt til landsmøtet som forslag til uttale. Me har også eit samarbeid med Noregs Jeger- og Fiskarforbund (NJFF) Hordaland om uttalen, med mål om å gå ut i media med eit felles utspel og følgja opp med å setja søkelys på problematikken gjennom møter og politisk påverknad.


Skogsbilvegane

Skogsbilvegsakene i Bergen og omegn har óg i 2020 vore arbeidd mykje med. Handteringa av byggeavfall i kommunen er ute av kontroll, og miljøskadelege masser frå både fylkeskommunale (Bybaneutbygginga), kommunale og private prosjekt vert dumpa i urørt natur i og utanfor kommunen.

Massane vert delvis nytta som fundament for skogsbilvegar, der vegane er skalkeskjul for å kunne fylle heile dalføre med avfall som skulle vore levert til eigna mottak. I tillegg til grov

miljøkriminalitet, mistenker me stor økonomisk ulovleg verksemd, og den dekkar mange område: Forureining av natur og nedslagsfelt for drikkevatt, innføring av svartelista artar og rasering av kulturminne, for å nemna nokre.

Etter at me leverte politimelding på Fanafjellet i 2018, og på Hylkje i 2019, har advokaten vår levert to meldingar til, på Smogakampen og Hordnes. I samarbeid med Finn Bøe (leiar i Hordnesskogens Venner) har me heilt eller delvis kartlagt 10 område som anten er skogsbilveggar eller kun dumpingplassar. Fleire av desse plassane er i stadig aktivitet med nye, daglege påfyll av massar. Til saman vert det mange mil med bossfyllingar.



Me hadde to møter med ansvarlege partar/politikarar om desse sakene i løpet av 2020:

- Møte med byråd for klima, miljø og byutvikling Thor Håkon Bakke og etatsleiar for landbruk Helene Dahl m.fl. 12.08.
- Møte med Jarle Brattespe, medlem i utval for miljø og byutvikling (SV), 08.12.

Status på politimeldingane: Riksadvokaten ventar på å få sakene attende frå lokalt politi og Statsadvokaten, etter at dei har vore på høyring hjå Miljødirektoratet. Høyringa var det Riksadvokaten som bad om. Diverre har Bergen kommune ikkje svara på førespurnader frå politiet om å levera frå seg nok naudsynt informasjon, og politiet har no venta i fleire månadar. Dette vert følgt opp frå NVH si side.

Vindkraft og energi

Arbeidet med vindkraft har i hovudsak skjedd i samarbeid med dei andre organisasjonane i FNF Hordaland. Med støtte frå Finsefondet, midlar frå Bergen og Hordaland Turlag og FNF Hordaland, har me fått laga fem kortfilmar¹ saman med dei andre FNF-organisasjonane på Vestlandskysten. Me var også med å arrangera vindkraftseminar og halda føredrag for 29 stortings- og fylkespolitikarar i Dyrkolbotn i Nordhordland i slutten av august i samband med vindkraftmeldinga.



Styremedlem Knut Espelid, leiar i Naturmangfaldsgruppa, Oddvar Skre, og fylkessekretær Synnøve Kvamme representerte også NVH på markeringa utanfor BKK sitt hovudkontor 11. juni, i regi av dei lokale gruppene Vern om Nordhordlandsfjella (VON), Folk for fjella, Ung for fjella og Nei til vindkraft i Gulen.



Foto av André Marton Pedersen (Bergen og Hordaland Turlag). Til venstre frå seminaret og synfaringa i Dyrkolbotn i august, til høgre for markeringa utanfor BKK sitt hovudkontor i juni.

15. februar arrangerte me i samarbeid med Besteforeldrenes klimaaksjon eit energiseminar med over 100 deltakarar, der me gjekk gjennom ulike energikjelder og fordelar og ulemper. Alle føredraga vart filma og kan sjåast her:

<https://www.youtube.com/c/NaturvernforbundetHordaland/videos>

Me har også uttala oss i media om vindkraft saman med forbundet sentralt og/eller dei andre FNF-organisasjonane:

- BT 21. juni: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/awmXEE/jo-vindkraft-er-eit-trugsmaal-mot-naturmangfaldet>

¹ Filmane:

[Fritt fram for vindkraft?](#)

[Dyrkolbotn: Stortingspolitikarar om vindkraftmeldinga](#)

[Bevar Bremangerlandet](#)

[Vindkraftverket på Fitjar og om vidare utbygging på Grønafjellet](#)

[Aukande vindkraftmotstand](#)

- BT 3. juli: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/pL7bB1/me-snakkar-gjerne-om-naturmangfald>
- BT 21. september: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/7KlRbV/vi-jobbar-for-ei-naturvenleg-omstilling>

I slutten av året kom me også i gang med ei ny gruppe:

Vindkraft- og energigruppa

Gruppeleiar: Bård Larsen

Energigruppa har hatt to møter. Ved første møte vart gruppa samde om at dei skulle via dei neste tre møta til følgjande tema:

1. Djupøkologi
2. Vindkraft
3. Kjernekraft

Aktuelle innleiarar er Brynhild Tungesvik (medlem av gruppa) om djupøkologi og Sunniva Rose om kjernekraft. Vidare står også kunnskap om overføringsnett og energiutveksling til/frå utlandet høgt på lista.

Planen etter desse møta er å gripa tak i spesifikke saker som medlemene ynskjer å jobba med, samt å halda fram å bygga opp kunnskap på aktuelle område.

Elles diskuterte gruppa også høyringsutkastet til Statnett sin KVV i samband med kraftsituasjonen i Nordhordland, og ser fram til å kunna bidra med den type oppgåver når gruppa er oppe og går.

Miljøvenleg transport og områdeutvikling og ein rettferdig klimapolitikk



Arbeidet vårt for å fremja miljøvenleg transport og områdeutvikling har i hovudsak blitt gjort gjennom:

- Styret
- Klima- og transportgruppa
- Naturmangfaldsgruppa

I arbeidsprogrammet for 2020 hadde me følgjande delmål:
(Grønt: Har jobba mykje med | Gult: Har jobba litt med)

Sentrale Stortingspolitikarar forpliktar seg til at ekstraavgiftene for elektrifiserte ferjesamband vert fullfinansiert over statsbudsjettet.	Sentrale Stortingspolitikarar forpliktar seg til raskare togforbindelse mellom Arna og Voss innan 2026, og sikring av E16 med utgangspunkt i eksisterande trasé.	Få sentrale lokal- og fylkespolitikarar til å lova at på alle firefelts innfartsårer til Bergen, skal eitt felt i kvar retning gjerast om til kollektivfelt, og at alle hurtigbåtar i fylket skal ha elektrisk framdrift.
Få lågare utslipp frå flytrafikken. Færre passasjerar og flyavgangar på Bergen Lufthamn Flesland. Skrinlegga rullebane 2.	Arbeida for at alle cruisebåtar som rører seg innan Bergen Hamn sitt område skal vera utslippefrie innan 2026 blir gjennomført i samsvar med vedtak. Jobba for at det blir mogleg å avvisa båtar av miljøgrunnar og at alle båtar skal vera utslippefrie innan 2030.	Jobba for at sentrale politikarar prioriterer utgreiing og innføring av KAF som klimatiltak.

Klima- og transportgruppa

Gruppeleiar: William Helland-Hansen

Aktivitetane gjennom året har dreia seg om følgjande hovudsaker:

Hordfast

Arbeidet mot Hordfast-prosjektet og bru over Bjørnafjorden har vore den største enkeltsaka i

gruppa i 2020. Arbeidet famnar breitt, og omfattar mellom anna initiativ til aksjekjøp i Hordfast AS, tur med ungdomspolitkarar med galeasen Gurine til Reksteren, produksjon av videosnuttar for promotering av saka, målingar av myrdjupn på Reksteren for å rekna ut karboninnhald, utstrekt lobbyverksemd mot politikarar, avisinnlegg og høyringssvar. Anne Gilde hadde til dømes lesarinnlegg på trykk i BT 9. mai:

<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/aw9jQA/aa-hindre-naturoedeleggelser-er-viktigst>

Cruise

I tillegg til avisinnlegg er det skrive brev til Byråd for klima, miljø og byutvikling kor me ber om at byråden går imot tilrådinga frå Sjøfartsdirektoratet om å utsetta Stortingsvedtaket om utsleppsfrie verdsarvsfjordar frå 2026 til 2030. Me har også skrive lesarbrev om dette:

<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/mR2eG4/en-respektloes-holdning-til-lokale-beslutninger>. Me har hatt synfaring til Eidsvika på Askøy saman med lokallaget på Askøy i samband med prosjektet Kildn.no.

Andre saker

Klima- og transportgruppa har vore med å arrangera lysmarkering i samband med klimasøksmålet (3. november), gitt innspel til partiprogramma for Stortingsvalet, gitt høyringssvar i samband med val av Bybanetrasé Eidsvåg-Tertneskrysset, og det er publisert avisinnlegg om elektrifisering av sokkelen

(<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/mBRRbO/elektrifisering-av-sokkelen-er-groennvasking>), korleis busstilbodet kan betrast i Bergen

(<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/RRw20r/tre-tiltak-for-et-bedre-busstilbud>) og om rettfærdige klimaavgifter. Fokus og planlegging av vidare arbeid i samband med kraftsituasjonen i Nordhordland vart initiert på slutten av 2020.

Gruppa har hatt sju møter i løpet av 2020. Vidare har gruppa arrangert følgjande møter:

- 19.10 (video): CCS og Blå Hydrogen. Innleiarar: Christian Hermanrud (Equinor), Peter Haugan (HI).
- 21.10 (Terminus): Grønn sjøtransport. Innleiarar: Kirsten Øystese (Norsk klimastiftelse), Inger Beate Hovi (TØI), Einar Svendsen, Fredrik Aarskog (IFE).
- 25.11 (video): *Karbonavgifter – en rettferdig løsning på klimaproblemene?* Innleiarar: Hallvard Birkeland (Naturvernforbundet), Charlotte Spurkeland (H), Eigil Knutsen (Ap), Josefine Gjerde (MDG)

Bybane og byutvikling

Me har arrangert medlemsmøte om bybane til Åsane, og nestleiar Tom Skauge har skrive lesarinnlegg i BT 1. februar: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/4qgGrV/bybanen-er-bergens-viktigste-klimatiltak>. Me har hatt fleire møter med politikarar der me har oppmoda om omtenksam fortetting og andre tiltak i *Gode, grønne Bergen*-framtidsvisjonen vår. 18. september fekk me framsida i BA for å kritisera GC Rieber for ikkje å skalera ned sine hundrevis av parkeringsplassar.



2. Miljøfagleg arbeid: Prosjekt som fremjar energisparing, sirkulær økonomi, redusert forbruk og praktisk naturvernarbeid

I 2020 har me i hovudsak jobba med prosjekta Bevaring gjennom skjøtsel, Energismart, Plastjakten og Ta vare på det du har. Me har også fullført dei siste aktivitetane i det avslutta prosjektet Naturglede som vart utsett frå 2019.



Prosjekt: Bevaring gjennom skjøtsel ***Prosjektleder: Jeanette Tennebekk***

Prosjektet har som mål å ta vare på naturmangfald gjennom konkrete tiltak og informasjonsarbeid om natur- og insektsvenlege hagar og grøntområde, framande, skadelege hageplantar og bartre. I 2020 gjennomførte me ein dugnad for å fjerna framande treslag på Hatten gard i Øygarden, bidrog til Langedgårdens venner si mobilisering til dugnadar i Langeskogen, starta opp restaureringsprosjekt i kystlynghei på Rapeneset i Alver, starta opp parsellhagen på Storetveitmarken og hadde aktivitetsdag om insekt for barn med VilVite. I tillegg starta me opp dialog, samarbeid og avtalar som er nødvendige for det vidare arbeidet i prosjektet. Aktuelle samarbeidspartnarar er mellom anna VilVite-senteret i Bergen, Bærekraftige Liv på Landås, Norsk Botanisk Forening (NBF), Sabima, Screen Story, Bergen kommune, andre fylkes- og lokallag.

Støttespelarar: Miljødirektoratet, Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Naturvernforbundet sentralt.



energismart

Prosjekt: Energismart

Prosjektleder: Silje Østerbø

Prosjektutviklar: Rasmus Laupsa Rasmussen

For Naturvernforbundet er Energismart nesten eit program, der me jobbar med og for energieffektivisering på ei rekke ulike måtar. Me ynskjer å gjera vegen til å gjennomføra energiltak så kort og enkel som mogleg. Me fokuserer på samarbeid med kommunar, handverkarar, bransjar og andre om å informera og inspirera til meir energieffektivisering. I tillegg etterlyser me politiske verkemiddel og iverksetting av tiltak som gjer det lettare å prioritera energismarte val.

Energismart består av ei rekke prosjekt og aktivitetar. I 2020 har me i Naturvernforbundet Hordaland jobba med HACKS, eit internasjonalt samarbeidsprosjekt, som mellom anna handlar om å synleggjera smarte alternativ for oppvarming og kjøling. Me har jobba med ei strategisk utvikling av kvalitetsordninga Energispesialist i lys av korona, og har mellom anna utvikla eit nytt databasesystem for handtering av førespurnader. I tillegg har me jobba for å etablera prosjektsamarbeidet Energismart Storby mellom dei største byane i tillegg til Bergen, kor me allereie har eit prosjektsamarbeid. I Bergen har me gjennomført kampanjar knytt til forbodet mot ikkje-reintbrennande vedomnar, og me har planlagt og gjennomført energirådgjevingskurs saman med studentar frå Høgskulen på Vestlandet. Me har òg testa ut ulike formar for digitale informasjonskampanjar, laga filmar, gjennomført konkurranse og hatt stand på Torgallmenningen. I prosjektet har me samarbeidd med ei rekke forskjellige aktørar frå handverksverksemdar til bransjeorganisasjonar, kommunar, utdanningsinstitusjonar og produsentar.

Støttespelarar: Bergen kommune (Energismart Hordaland), nasjonale inntekter og EU-finansiering (HACKS).



Prosjekt: Plastjakten

Prosjektleder: Mona Maria Løberg

I dette prosjektet er målet førebygging av plastforsøpling og redusera unødvendig bruk av plast. Ein av hovudaktivitetane er likevel å arrangera ryddeaksjonar og hjelpa andre å rydda, fordi det er veldig effektivt for å opna folk sine auge for kor alvorleg dette problemet er. I 2020 hadde me fleire store ryddeaksjonar, mellom anna i samarbeid med Naturvernstudentane i Bergen, In the same boat, Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), UiB, Sammen og STL (Samarbeidsrådet for tru- og livssynssamfunn) Bergen. Me hadde ei sentral rolle i planlegginga og gjennomføringa av Miljøveka til UiB og Sammen, med mellom anna performance på studentsenteret, filmframsyning og stor ryddeaksjon for studentar og tilsette. Me deltok i TV-aksjonen sin fylkeskomité og hjalp dei med å lykkast i å dela info om WWF sitt prosjekt i Asia, og har delteke på møter i samarbeidsgruppa «Arven etter plastkvalen». Konferansen som var planlagt i 2020, vert utsett til eit tidspunkt kor pandemien tillét oss å møtast fysisk. Me har også undersøkt plastforsøpling under vatn på Herdleflaket og vore med å leggja til rette for

opptak og plastyddekonkurranse i NRK-programmet «Alle mot 1». Programmet vert vist våren 2021.



Me har også starta opp eit spennande samarbeid med Bergen Næringsråd, via deira prosjekt *Plastsmart*. Dei har verva ei rekke av verksemdene sine til å bli «plastsmarte», og forpliktar seg til å jobba målretta med tematikken. Me ynskjer å synleggjera dei gode løysingane som desse verksemdene gjer,

og vil bruka nettsida plastjakten.no til å visa fram korleis ein i praksis kan redusera unødvendig plastbruk og hindra forsøpling. Me har hatt fleire workshops der me har jobba med nettsida. Den er no under utvikling slik at den kan dekkja dei nye behova i prosjektet, som mellom anna landingsside for kampanjar me ynskjer å gjennomføra, informasjon til vidaregåande elevar og oversikt over kva kommunar gjer (eller ikkje gjer) knytt til plast og forsøpling. Det vil framleis vera ein modul der folk kan melda inn forsøpling og anna, og artiklar om datamaterialet me samlar inn.

I 2020 har me fått tettare samarbeid med andre tilsette i Naturvernforbundet som jobbar med plast, i sekretariatet, samt fylkeslaga i Trøndelag, Sogn og Fjordane og Troms/Finnmark. Me har hjulpet og diskutert og starta opp jamlege møter kor me deler erfaringar med kvarandre. Plastjakten vert allereie drive i Trøndelag, men i år har også Sogn og Fjordane sendt inn søknad med ynskje om å starta opp der også. Fylkeslaga i Troms/Finnmark har også fått tilbod om å delta i prosjektet, slik at dei også kan bruka namn, nettside og andre ressursar i arbeidet sitt. Me har også fått god kontakt med tre lokallag (Kvam, Askøy og Nordhordland) til å delta aktivt med å jobba med tematikken i sine område. Målet her er å støtta kommunen med å setta i gang tiltak for å hindra forsøpling. Det vert gjort lite i kommunane, og det trengst først og fremst kunnskap om status, så det kartleggingsarbeidet er i gang. Me har også jobba så smått med prosjektet *Plast og giftfrie barnehagar*, og ynskjer å fylgja opp dei barnehagane som ynskjer rettleiing i vår region. Me starta planlegginga av ein felles kampanje med Joakim Gulliksen i sekretariatet om EU-direktivet om plast, og Noreg sine låge ambisjonar. Det vert gjennomført i 2021. Ein annan kampanje som ligg klar til publisering, er ein Adele Jaunn har illustrert for oss. Me har også planlagt inspirerende føredrag som me i 2021 vil tilby til vidaregåande skuleelevar.

Støttespelarar: Miljødirektoratet, Bergen kommune, Handelens Miljøfond, Grieg Foundation, Vestland fylkeskommune, EL og IT forbundet.



Prosjekt: Ta vare på det du har
Prosjektleder: Silje Østerbø

Med dette prosjektet ynskjer Naturvernforbundet å gje fleire verdien av reparasjon og gjenbruk, og bidra til reelle forbruksendringar. Nettsida www.tavarepaadetduhar.no gir informasjon om lokale reparatørar og tips til vedlikehald og reparasjon. Gjennom prosjektet

har Naturvernforbundet Hordaland kartlagt reparatørar, utvikla Reparasjonsgåvekortet og invitert til ulike arrangement, som føredrag og kurs. I tillegg driv me Facebook-gruppa «Fiksere i Bergen» - ein møteplass for fikseglade bergensarar og vestlendingar. Me jobbar no med å utvikla «Fiksefilm», eit filmkonsept som me ynskjer at skal bli ein serie med reparasjonsfilmar. I tillegg har me i 2020 gjennomført to delprosjekt; «Reparer Bergen», ei kartlegging av reparatørnæringa i Bergen med ambisjon om å leggja til rette for etableringa av eit næringsnettverk for reparatørar, og «Mobilt Makerspace» der me har gjort naudsynte innkjøp og inngått avtalar for å kunna skapa eit omreisande reparasjonsverkstad.

I prosjektet har me samarbeidd med ei rekke forskjellige aktørar: Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Sammen, Bærekraftige Liv, Gjenbruksakademiet, BIR og mange forskjellige reparatørverksemdar. Me har også oppretta dialog med VilVite, Bergen Næringsråd, Bergen Sentrum AS og Virke for å nemna nokre.

Støttespelarar: Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, BIR og NNV.

3. Bygga kapasitet og mobilisera frivillige

I arbeidsprogrammet for 2020 hadde me følgjande delmål:
(Grønt: Har jobba mykje med | Gult: Har jobba litt/lite med | Grått: Har ikkje jobba med)

Arrangera naturgledeturar i Hordaland i samarbeid med relevante aktørar. Auka deltakarane sin kunnskap om naturen, og utfordringar den står overfor.	Læra deltakarane korleis dei sjølv kan ta vare på naturverdiane i Hordaland, og bygga engasjement utover deltaking i aktivitetane.	Arrangere opne møter og medlemsmøter: Engasjera faggruppene i val av tema, planlegging og gjennomføring.
Legga til rette for oppfølgingsaktivitetar til møter, debattar og arrangement som gjer at fleire engasjerer seg i natur- og miljøvernarbeid i Naturvernforbundet.	Gjennomføra minst eitt introduksjonskurs for nye frivillige.	Utvikla strategi for kommunikasjon, mediearbeid og medlemsverving.

Styrka medlemsutviklinga ved å verva på alle relevante arrangement som vert gjennomført, styrka vervinga gjennom nettsida, sosiale media, stands og andre relevante kanalar. Utvikla medlemsfordelar.	Halda nettsidene og sosiale mediekkanalar oppdaterte.	Senda ut nyheitsbrev.
Bidra til innhaldet i to utgåver av medlemsbladet NaturVest.	Setta fokus på viktige miljøsaker fram mot Stortingsvalet 2021, setta dagsorden i debattar.	Bidra til å bygga alliansar med folkelege organisasjonar og miljø i miljøarbeidet, og mobilisera til folkelege miljømarkeringar.
Støtta lokallaga ved behov, jobba for å etablera fleire lokallag.	Etablerer sterkare samarbeid med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.	Bygga gode samarbeidsalliansar og -relasjonar.
Styrka samarbeidet med Naturvernstudentane og Natur og Ungdom.	Jobba for å etablera eiga arbeidsgruppe innen forbruk/avfall.	Jobba for auka fri finansiering av Naturvernforbundet sitt natur- og miljøvernarbeid.

Før korona, 5. februar, arrangerte me eit introduksjonskurs for nye frivillige med god oppslutnad. I tillegg til allereie nemnde møter, har me også arrangert følgjande:

- Naturlig onsdag 4. mars: «Må vi spise kjøtt for å opprettholde naturmangfoldet?»
Innleiarar: Svenn Arne Lie, Siri Vatsø Haugum, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Spire Bergen og Økologisk Vest.
- Medlemsmøte 29. april (digitalt): «Framtidens transport - mindre trafikk, på bedre vis»
- Lunsj-webinar/føredrag 18. juni: «Klima- og naturvennlig kjøttproduksjon – er det mulig?» i samarbeid med sentralt. Føredrag ved Svenn Arne Lie.
- Skrivekurs med Øyvind Strømmen 7. oktober

22. august arrangerte me aktivitetsdag på Langegården i samarbeid med Vestland Innvanderråd og Bergen og Hordaland Turlag som ein avsluttande del av Naturglede-prosjektet for vår del. Målet med aktivitetsdagen var å introdusere familiar med minoritetsbakgrunn eller fleirkulturell bakgrunn til norsk kultur, friluftsliv og naturglede. Nokre av aktivitetane var natursti, besøka dyra på garden og tur med hest og kjerre. Til saman 36 vaksne, ungdommar og barn deltok, og etterspurnaden var mykje større enn kapasiteten for å ta imot deltakarar.



Me har byrja på eit opplegg for å mobilisera og halda på fleire frivillige, og jobbar også med medlemsfordelar. Dette arbeidet held fram i 2021.

Av høyringsuttalar har me i tillegg til dei som er nemnd uttala oss om fylgjande:

- 3. april: Nasjonal Transportplan (NTP) 2022-2033
- 5. mai: Ny fylkesveg 561 Kolltveit-Ågotnes
- 25. september: Konsekvensutredning Marineholmen, Bergenhus

Elles har me vore med på ei rekke FNF-uttalar som kan lesast her:

<https://fnf-nett.no/hordaland/category/uttalelser/>

Me avsluttar med nokre bilete frå det nye kontoret vårt i Bredsgården 1E, og takkar alle våre tillitsvalte, frivillige, tilsette, medlemar, samarbeidspartnarar og støttespelarar for nok eit innhaldsrikt og gjevande år.

